

VEDLEGG



DET KONGELEGE  
KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENT

Statsråden

Energi- og miljøkomiteen  
Stortinget  
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

21/997-

7. april 2021

### **Representantforslag 139 s (2020-2021) om forbod mot gummigranulat**

Eg viser til brev frå Energi- og miljøkomiteen av 23. mars 2021 om representantforslag 139 S (2020-2021) frå stortingsrepresentantane Lars Haltbrekken, Kari Elisabeth Kaski, Karin Andersen, Arne Nævra og Freddy André Øvstegård.

Representantane som står bak forslaga peiker på eit viktig miljøproblem. Eg er samd med representantane i at gummigranulat på avvege er eit alvorleg forureiningsproblem. Det er i dag om lag 1700 slike kunstgrasbanar i Noreg, som eigast og drivast av kommunar eller idrettslag. Eg ser det som viktig å få på plass ei regulering som skal hindre forureining av gummigranulat frå desse banane, og har difor i dag fastsett eit nytt kapittel i forureiningsforskrifta om regulering av utforming og drift av kunstgrasbanar. Reguleringa trår i kraft 1. juli, og vil kunne redusere denne forureininga med over 90 prosent.

Representantane viser til at EU vurderar eit forbod mot gummigranulat i kunstgrasbanar. Eg er kjent med det og departementet følgjer prosessen tett. Samstundes veit vi at denne prosessen i EU vil ta lang tid og det er óg usikkert kva EU vil bestemme seg for. Det foreligg eit forslag om eit forbod, men óg forslag om andre typar reguleringar. Det føreligg óg signalar om ein svært lang overgangsperiode. Eg ser det difor som viktig at regjeringa fastset eit norsk regelverk no.

Det er i Noreg fleire prosjekt på gang for å finne gode alternativ til gummigranulat, og mellom anna har Norges Fotballforbund ein rettleiar for utforming av miljøvenlege kunstgrasbanar. Miljødirektoratet vil óg utforme ein rettleiar for regelverket eg no har fastsett.

Til dei konkrete forslaga:

**1. Stortinget ber regjeringen utrede og innføre et forbud mot all bruk av løst gummigranulat, ny oppkverning av bildekk og all ny bruk av faststøpt gummigranulat der det er risiko for eksponering og utlekking.**

Regjeringa ønsker å sikre ei mest mogleg effektiv regulering av utforming og drift av kunstgrasbanar, samstundes som ein tek omsyn til dei mindre banane og baneigarane.

Regjeringa ser det ikkje no som aktuelt å innføre eit særnorsk forbod mot gummigranulat. Det vil vere sær s inngripande, særleg for dei baneigarane som allereie har gjennomført krevjande tiltak og som difor har kontroll på granulatet frå banane sine. Regjeringa meiner reguleringa som er fastsatt i dag er ei effektiv regulering som vil hindre spreiiing av mikroplast. Samstundes vil departementet følgje prosessen i EU tett.

**2. Stortinget ber regjeringen komme til Stortinget med forslag til en kompensasjonsordning for de som berøres av et forbud mot all bruk av løst gummigranulat, samt med en kartlegging av alternativer til gummigranulat og eventuelle norske næringsstatsinger knyttet til dette.**

Forureiningslova er bygd på det grunnleggjande prinsippet om at forureinar skal betala. Regjeringa meiner difor at reduksjon av denne typen forureining er ei plikt som tilkjem eigar av kunstgrasbanar som ansvarleg for ei kjelde til forureining, som andre forureinande verksemdar.

Med helsing

Sveinung Rotevatn